



Hobbyklubben i bedehuset har også fått eit tilskot av kommunen og her er ei av gruppene i aktivitet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No har kommunen fordelt det kommunale driftstilskotet til lag og organisasjonar for dette året og 598.598 kroner vart fordelt på 123 søknader. Til Uskedalen gjekk 52.369 kroner av denne summen.**

Til diverse aktivitetar med tilknytning til bedehuset gjekk 11.505 kroner, medan ungdomslaget fekk 14.438, idrettslaget 14.717 og skulemusikken 9.869 kroner. Røysterett for alle fekk 1.000 kroner og Grendahuset Vonheim 840 kroner.

Tilskotet til bedehus-aktivitetane var fordelt slik:

Tilskot til hus/anlegg 4.293, Uskedalen søndagsskule 1.311, Hobbyklubben 2.934, småbarnstreff 1.863 og Unge Røyster 1.104.

5.000 av tilskotet til skulemusikken skal gå til instrument.

Av løyvinga til idrettslaget er 5.176 driftsstønad og 9.540 til hus/lokale, mens den tilsvarande fordelinga for ungdomslaget er 2.036 og 12.402.

Ser ein på samlesummene for heile kommunen, ligg dei 15 idrettslaga på topp med 318.645 kroner medan tolv sang- og musikklag har fått 42.599 og 15 barne- og ungdomslag 30.470. Tre frilynte ungdomslag vil motta 33.612 kroner og elleve bygdelag i overkant av 30.000. 18 hus og anlegg i "ymse-bolken" får 71.419 kroner.

Av Ola Matti Mathisen